



Årsplan 2020-2021

Tussetjødna barnehage



Innhold

| | |
|--|----|
| Informasjon | 3 |
| Ulike arrangement/tradisjonar | 4 |
| Styringsdokument | 5 |
| Visjonen til barnehagen | 5 |
| Leik og læring | 6 |
| Planlegging, dokumentasjon og vurdering | 8 |
| Satsingsområder | 10 |
| Språkløyper | 10 |
| Sosial kompetanse | 11 |
| Barna si medverknad | 12 |
| Circle of Security (COS) | 13 |
| De Utrolige Årene (DUÅ) | 13 |
| DINO-skulen | 15 |
| Trygg i fellesskap | 15 |
| Vaksenrolla | 16 |
| Dei syv fagområda | 16 |
| Digital praksis | 18 |
| Overganger | 18 |
| Fleirkulturelt arbeid | 19 |
| Samarbeid med heimen | 20 |
| Helse, miljø og tryggleik (HMT) | 21 |

Informasjon

Kontakt

Austre Skiftedalsveg 27
5353 Straume

Styrar: 55 09 68 36
Humblebolet mobil: 970 965 75
Maurtua mobil: 970 936 93
Bjørnehiet kontor: 55096838, avdeling: 994 111 17

Opningstid

Samarbeidsutvalet fastset opningstida for eit år om gongen innanfor tidsrommet 07.00 – 17.00 (til vanleg 9,5 t pr. dag).

Opningstida i Tussetjødna barnehage er 07.00 – 16.45.

Dagsrytma

- 07. 00 Barnehagen opnar, leik
- 07.30 – 08.30 Frukost
- 08.30 – 11.00 Leik, samling, grupper, turar
- 11.00 / 11.30 Lunsj, sovetid, leik ute
- 14.00 / 14.30 Frukt, leik
- 16.45 Barnehagen stenger



Planleggingsdagar

Barnehagen har 5 planleggingsdagar i løpet av eit barnehage år. Då er barnehagen stengt for barna. Desse dagane vert nytta i barnehagen til felles og gruppevise drøftingar, planlegging og vurdering av arbeidet vårt. Dagane kan og nyttast til aktuelle kurs for personalet. Planleggingsdagar for perioden er delt ut og vert og kunngjort ved oppslag, og på månads/vekeplanen.

Ulike arrangement/tradisjonar

| | | |
|-------------------|--|---|
| OKTOBER | HAUSTFEST FORUT | <p>Her har vi ei felles samling der vi samtalar om hausten, les for barna og syng haust-sanger. Til lunsj et vi lapskaus som barna sjølve har vært med og tilberedt.</p> <p>Dette er eit pedagogisk opplegg utarbeida av organisasjonen FORUT. Dei har fokus på barn i andre land. Gjennom arbeid med forteljingar, filmar og musikk får vi eit innblikk i korleis barn i eit anna land lever. Det heile vert avslutta med foreldrecaffi, der vi viser kva vi har jobba med, og barna underheld. Foreldre og born kan etter dette velje å støtte FORUT sitt arbeid.</p> |
| DESEMBER | LUCIA NISSEFEST | <p>Her har vi foreldrecaffi, der barna går i Lucia prosesjon. Det vert servert lussekatter og pepperkaker. Det er og tradisjon at førskulebarna besøker Fjell Sjukeheim, der dei syng og serverer lussekattar til dei som høyrer på.</p> <p>Juletrengong, songar og nissegraut. Det kan vere at nissen kjem!</p> |
| FEBRUAR | KARNEVAL SAMENES DAG | <p>Barna kjem utkledd til barnehagen. vi syng, dansar og kosar oss med god mat.</p> <p>Barna får høyre om samisk kultur og tradisjonar.</p> |
| MARS | BARNEHAGEDAGEN | <p>Dette er fagrørsla si markering av barnehagens innhald. Meir informasjon kjem når det nærmar seg.</p> |
| MARS/APRIL | PÅSKELUNSJ | <p>Vi snakkar om påske, og kvifor vi markerar den. Vi har påskelunsj der vi serverar diverse godt pålegg, gjerne basert på egg.</p> |
| MAI | 17. MAI MARKERING AKTIVITETSDAG | <p>Barna pynter med flagg og dekorasjonar. Vi går i tog rundt barnehagen. Dei eldste barna går til sjukeheimen og syng for bebuarane der.</p> <p>Ulike aktivitetar og oppgåver i og kring barnehagen. Det kan vera balkast, tautrekking, kappsykling mm. Det heile vert avslutta med pølse i brød og drikke.</p> |
| JUNI | AVSLUTNINGSTUR FØRSKULEBARNA SOMMARFEST | <p>Heildagstur for dei eldste i barnehagen. Dette er eit arrangement i regi av foreldra, som oftast ein korgfest. Vi markerer avslutning av barnehageåret, og barna opptrer på ulikt vis.</p> <p>Foreldre og søsken er velkomen.</p> |

Styringsdokument

- Barnehageloven (<http://www.lovdatab.no>)
- Rammepånen (<http://www.regjeringen.no>)
- Vedtektene for kommunale barnehager (<https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/barnehage-skule-og-familie/barnehage/vedtekter/>)

Årsplanen sitt føremål

Årsplanen presenterer vårt pedagogiske arbeid, metodar og kvardagen vår. Den er eit arbeidsdokument for personalet i barnehagen, og blir brukt på avdelings og personalmøter jamleg.

Foreldre skal ha høve til å påverke utarbeidinga av årsplanen, både ved å komme med innspel på den aktuelle avdelinga, men og gjennom aktiv deltaking i foreldrerådet og i samarbeidsutvalet. Årsplanen er og eit dokument der eksterne instansar og andre, kan få informasjon om barnehagen.

Visjonen til barnehagen

Visjonen i Tussetjødna barnehage er;

"Å gjere kvardagane gode"

Vi tenkjer at dette er eit langsiktig mål, og noko vi arbeidar med heile tida. Vi bruker avdelings- og personalmøter til å snakke om haldningar og verdiar vi vil skal prega vår barnehage.

Pedagogisk grunnsyn

Hos oss ser vi på kvart einskilt barn som eit unikt lite menneske. Dei vaksne i barnehagen må sjå barnet som eit eige individ med sitt eige sett av kjensler og uttrykk. Vi skal ta barnet på alvor, og respektere det, for den det er. Vi skal møte barnet på deira eigne premissar, og gje det tid og rom til å bli sett og høyr. Barnet skal oppleve og lære om seg sjølv i samspel med andre.

For at ein dag skal opplevast som god for eit barn, er det ein del føresetnader som må være på plass frå dei vaksne si side;

- Vere tilgjengelig og evne å vise omsorg for kvart enkelt barn.
- Kunne lytte og undre seg saman med barnet, og nytte positive ytringar i relasjonane.
- Observere og sjå kvart einskild barn sitt behov.

Vere ein god rollemodell og sjå verdien av godt samarbeid mellom dei tilsette.

Gjennom å følgje desse punkta kan trygg tilknytning til barna etablerast.

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling». Barnehagelovens §1 Formål, 1 ledd, første punkt.

Begrepet omsorg inneber å ta vare på, og å bry seg om nokon. Når du viser omsorg overfor ein person, bryr du deg om korleis personen har det, og du ynskjer å gjere ditt beste for han eller henne.

I Tussetjødna barnehage er vi opptekne av at dei tilsette er saman med barna og at dei ser behova til kvart enkelt barn og heile gruppa. Vi ynskjer å hjelpe og støtte barna i utviklinga, sånn at dei etter kvart blir gode, sjølvstendige individ.

Ein omsorgsfull relasjon inneber at den tilsette;

- Er lydhør ovanfor barnet sitt uttrykk
- Evner å vise nærleik og innleving i det barnet føretek seg
- Følgjer sinnstilstanden til barnet, og evner å gje det emosjonell tryggleik
- Evner og viser vilje til godt samspel med barna

Leik og læring

Leiken har eigenverdi og er ein livs- og læringsform som barn kan uttrykke seg gjennom. Den har mange uttrykksformer, og kan bidra til forståing og vennskap på tvers av alder og språklig og kulturell ulikhet. I et leikefellesskap vert grunnlaget for barns vennskap med kvarandre, lagt.

For barn er leik det mest naturlege i verda. Barna er i ein tilstand der dei er fullt engasjert i det dei held på med, dei opplever meistring og leiken er indre motivert. Den er ein frivilleg aktivitet, den krev kommunikasjon, og det er innforstått at det som skjer, berre er på liksom.

Barna får impulsar og inspirasjon til leiken gjennom opplevingar. Barnehagen skal inspirere til fantasi, skaparglede og livsutfalding. Dei vaksne skal være tilgjengelige for barna ved å støtte, inspirere og oppmuntre dei i leiken.

Når du hentar barnet ditt i barnehagen og spør kva det har gjort i dag, svarar det ofte; «I dag har eg berre leikt»... Det barnet då har gjort, er mellom anna dette:



Læring er ein aktiv prosess som finn stad når personar samhandlar med dei sosiale omgjevnadene sine og tek imot, tolkar og knyt informasjon og erfaring til det han eller ho allereie veit eller har høyrd. Hos barn skjer alt dette, gjennom leik.

Barn utviklar seg i trygge, inspirerande og tilrettelagte omgjevnader, åleine og saman med andre. Det gjev auka sjølvskjensle, oppleving av meistring og motivasjon til vidare læring. Læring er prega av samspelet mellom barna og dei vaksne. Dei vaksne skal ha eit aktivt forhold til læringsprosessane og dei skal ta vare på verdien av læring som skjer i daglege rutinesituasjonar og gjennom ulike aktivitetar. Dei må lytte til det barna er interesserte i og leggje til rette for utforsking.

I Tussetjødna barnehage skal barna oppleve og erfare læring gjennom mellom anna:


- Refleksjon og samtale saman med andre barn og vaksne i barnehagen
- Å bli møtt på ein god måte av vaksne som er støttande og nysgjerrige saman

Dei tilsette skal:

- Dele kunnskapen sin og vekkje interesse for ulike tema hos barna.
- Knytte dei sju fagområda opp mot den formelle og den uformelle læringa.
- Ta vare på her og no - situasjonane saman med barna, og omsette dei til undring, leik og læring.

Planlegging, dokumentasjon og vurdering

I Rammeplan for barnehagar står det at barnehagen sitt arbeid skal planleggjast, dokumenterast og vurderast. Dette gjev høve for barn, foreldre, personalet og barnehageeigar til å medverke i barnehagen sin pedagogiske verksemd.



Planlegging:

I vår barnehage jobbar vi med planlegging

- Planleggingsdagar
- Personalmøter
- Leiar / avdelingsmøter
- Foreldremøter
- 3parts møter
- Foreldresamtaler

På dei ulike møta i løpet av barnehageåret, får vi drøfta, planlagt og vurdert barnehagedrifta, personalet si kompetanseheving og barna si utvikling, enkelt og gruppevis.

Dokumentasjon

Gjennom pedagogisk dokumentasjon synleggjer vi barnehageverksemda for alle involverte. Dette gjev utgangspunkt for medverknad, faglig diskusjon og refleksjon.

Vi dokumenterer arbeidet vårt i form av:

- Årsplan
- Månadsplan / vekeplan
- Dagen i dag
- Barnas permar
- Kunstverk og biletmontasjar frå aktivitetar
- Turmeldingar og kryssebøker for dei ulike avdelingane
- Beskjedbøker

Vurdering

Vurdering skjer på ulike arenaer i barnehagen. Vi vel ut eit eller fleire tema kvart år, og vurderer dei både underveis og på slutten av året.

Vurderingstema for dette barnehageåret er:

- Språk
- Førebygging av mobbing og utestenging

| Periode | Kven vurderer? | Kva vurderer vi? | Korleis vurderer vi? | Når vurderer vi? |
|--------------|---------------------------|--|--|---|
| Språk | | | | |
| | Personalet Barna SU | <i>Undervegs:</i> Har vi strukturerte og målretta metoder i høve språk - satsinga? <i>Sluttevaluering:</i> Kan vi sjå positiv språkleg utvikling hos barna? | Gruppediskusjoner i personalet Samtalar med barn Observasjon Foreldre gir tilbakemelding gjennom SU | Personalmøter Avdelingsmøter Planleggings-dager SU møter |

Inkludering, forebygging av mobbing og utestenging

| | | | | |
|--|---------------------------|---|--|--|
| | Personalet Barna SU | Har vi eit godt førebyggjande arbeid i høve til førebygging av utestenging og mobbing? Trivsel hos barna | Gruppediskusjonar i personalet Samtalar med barn Trygg i fellesskap sin observasjons-metode. Jamnleg kontakt mellom barnehage og heim Foreldresamtaler | Personalmøter Avdelingsmøter Planleggings-dager. SU møter |
|--|---------------------------|---|--|--|

Danning

Danning er ein livslang prosess som blant anna handlar om å utvikle evna til å reflektere over eigne handlingar og væremåtar. Danning skjer i samspel med omgjevnadene og med andre barn, og er ein føresetnad for meiningsdanning, kritikk og demokrati. Gjennom gode danningssprossar vert barnet i stand til å handsama livet, ved at det utviklar evna til å vere utforskande og nysgjerrig til verda rundt seg, og til å sjå seg sjølv som eit verdfullt medlem av eit større fellesskap.

Danning er meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn omsorg, meir enn oppseding og meir enn sosialisering. Samstundes inneber danning alt dette!

Arbeid med danning krev;

- Engasjerte vaksne som er lydhøre overfor barna sitt initiativ, og evner å undre seg saman med dei
- Vaksne som ser barna sine behov for tryggleik og nære relasjonar, og som evner å vise omsorg og vereause overfor barna, andre tilsette og foresatte
- Vaksne som rettleiar barna i vekslinga mellom egne ynskjer og behov, og samfunnet

og omgjevnadene sine krav

- Vaksne som evner å hjelpe barnet til å oppfatte kva rammer som er akseptable i samvær med andre
- Vaksne som jobbar for eit nært samarbeid med heimen

Reiskap vi nyttar i vårt arbeide med danning, er til dømes Rammeplan for barnehager, COS, DUÅ og TRYGG I FELLESSKAP.

Satsingsområder

- Språk (Språkløyper)
- Sosial kompetanse

Språkløyper

Språkløyper er eit program for å løfte språk, lesing og skriving. Skandinavisk forskning viser at lesing og samtale rundt bøker, har stor verdi for barna si språkutvikling. For å lukkast i dette arbeidet, er det viktig å implementere språk - og leseaktivitetar i barnehagekvardagen, og personalet må difor få auka sin kunnskap om barn si språkinnlæring og ulike måter å lese bøker saman med barna på.

Språkløyper er ei nasjonal satsing som Tussetjødna barnehage, og Øygarden kommune, er ein del av. Det er Kunnskapsdepartementet som står bak strategien, men gjennomføringa er i samarbeid med Utdanningsdirektoratet. Gjennom dette programmet skal dei tilsette lære seg ulike måtar å lese bøker og forteljingar på, med fokus på barna si oppleving og utvikling. Ei god språkutvikling vil kunne vere til hjelp for kvart enkelt barn både sosialt, fagleg og det å forstå si eiga identitet.

Språkløyper og lesing saman med barna vil vere ein metode som går att i alle fagområda, i tillegg til dei språklege og sosiale måla som er satt i årsplanen.



Ulike måter å lese på:

1. *Samtale som arbeidsform*
2. *Å lese fleire gonger*
3. *Å lese bilder*
4. *Konkreter og ordforråd*
5. *Å lese tekster med gjentakende mønster*

Barnehagen skal:

- Utvide si eiga boksamling, samt nytte det lokale biblioteket jamnleg
- Ha leseaktivitetar med barna, jamnleg
- Bruke Språkløypene sine kompetanseutviklingspakker, for å auke bevisstheten rundt egen praksis
- Bruke barn si medvirkning inn mot leseaktivitetane. Kva synes barna er kjekt og spanande?

Sosial kompetanse

Definisjon av sosial kompetanse:

”Et sett av ferdigheter, kunnskaper og holdninger som trengs for å mestre ulike sosiale miljøer, som gjør det mulig å etablere og vedlikeholde relasjoner, og som bidrar til at trivsel økes og utvikling fremmes”.

Nordahl 2001

| Mål | 1-2 års alder | 3-4 års alder | 5-6 års alder |
|--|---|---|---|
| <p>Barnet utviklar positiv sjølvopfatning.</p> <p>Barna må få oppleve seg sjølv som respekterte og meningsfulle, og få ei positiv haldning til eigen læreevne.</p> <p>Barna sitt sjølv- bilete vert farga av responsen og merksemda ein får frå menneske rundt seg.</p> | <p>Gje barna utfordringar å strekke seg etter, mellom anna gjennom lek, måltider og av- og påkledning.</p> <p>Vise at vi ser og høyrer barnet og tar det på alvor.</p> <p>Bruke glede og humor i kvardagen.</p> | <p>Gje merksemd, oppmuntre, motivere og utfordre barna i kvardagen.</p> <p>Gje barna meistrings- og ansvarsoppgåver, ut frå eigne føresetnader.</p> <p>Gje barna støtte og rettleiing i å løyse konflikthar sjølv.</p> <p>Gje barna spelerom til å bruke sin fantasi og kreativitet.</p> | <p>La barna aktivt få delta i samtaler og diskusjonar, og være med å ta avgjerd.</p> <p>Gje barna ansvars- og meistrings – oppgåver.</p> <p>Gje barna høve til å handtere og løyse konflikthar sjølv, slik at barna får ei forståing for rett og gale.</p> <p>La barna få komme med idear og syns-punkt, og få utforske gjennom eigen kreativitet og fantasi.</p> |
| <p>Barna utviklar evna til sosialt samspel, og å kommunisere på ulike plan.</p> <p>Det er viktig at barn kan ta og oppretthalde kontakt, både verbalt og nonverbalt, med andre.</p> <p>Ein må kunne samarbeide, ta hensyn, og vise omsorg for kvarandre.</p> | <p>La barna få kjenne at dei høyrar til, og oppleve verdien av å vera saman i ei gruppe.</p> <p>La barna bli kjende med eigne og andre sine kjensler gjennom leik.</p> <p>Legge til rette for språkutvikling gjennom song og musikk, og bevisst bruk av hverdagssituasjonar til språkstimulering.</p> | <p>-Gje barna rom for ein open kommunikasjon med andre.</p> <p>-Samtale og oppmuntre til godt samarbeid, og ta omsyn og ha respekt for kvarandre.</p> <p>-Skape eit trygt leike-miljø der barna kan utforske leiken, finne si rolle og få ei forståing for leiken.</p> <p>Stimulere barna ved å lese, bruke rim, regler, sang og samtale samt motivere og oppmuntre barna til å bruke språket aktivt i grupper.</p> | <p>Gje barna oppgåver som fremjer samarbeid, å finne løysningar og svar.</p> <p>Stimulere barna sin nysgjerrigheit og forståing av skriftspråk og matematikk, gjennom leik.</p> <p>Gje barna høve til å utrykke sine tankar og kjensler, og få reflektere gjennom å delta aktivt i samtaler, diskusjonar og undring.</p> |
| <p>Barnet får utfordringar ut i frå alder og modning.</p> | <p>Barna vil få erfaring med ulike typar terreng og ulike måtar å bruke kroppen på.</p> | <p>La barna få utfordringar i uteleik og på tur.</p> | <p>Førebu barna på skulestart ved å variere utfordringar, og øve opp konsentrasjonsevna.</p> |

| | | | |
|---|---|---|---|
| <p>Vi ønsker å gje barna utfordringar gjennom fysisk aktivitet.</p> <p>Vi vil også jobbe med sjølvstende-trening og å gje barna ulike utfordringar, ut frå alder og modnad.</p> | <p>Bruke daglege rutinesituasjonar til sjølvstendetrening.</p> <p>Vaksne gjev ros, oppmerksomheit og oppmuntring.</p> <p>Barnet får delta i leik og aktivitetar på avdeling med barn på same alder.</p> | <p>La barna få utforske og være kreativ, gjennom fin- og grovmotoriske aktivitetar.</p> <p>Stille krav og oppmuntre barnet til å klare seg sjølv.</p> <p>Lære barna å handtera konflikhtar.</p> <p>Gje barnet ros, og ha fokus på det dei meistrar.</p> | <p>Gje barnet utfordringar på førskolegruppa, der dei får trening i å skrive, teikne, fargelegge og klippe.</p> <p>Gje barnet intellektuell stimuli gjennom filosofiske undringssamtalar.</p> |
|---|---|---|---|

Barna si medverknad

Å gje barn medverknad i barnehagen, er ikkje det same som å la barna velja fritt og la dei gjere som dei vil. Barns medverknad vil sei at kvart barn har rett til å erfare at deira stemme blir tatt på alvor og at det vil påverka fellesskapet. Dei skal få ansvar i forhold til si eiga alder og modning. Det handlar om vaksne sine haldningar til barn og om likeverd og respekt for kvarandre.

Det handlar om ein pedagogisk praksis som skaper prosessar som sikrar at alle sine stemmer blir høyrte, og at alle opplever at dei er viktige for det som føregår rundt dei.

Vi i Tussetjødna barnehage er opptekne av at barna skal få ta del i daglege gjeremål, og at dei skal få være med og ta avgjerder som er viktige for dei.

Hovedmål:

Barna skal:

- oppleve å bli behandlet som fullverdige individ
- oppleve å bli møtt med anerkjenning
- oppleve ein følelse av sjølvkjensle

Delmål:

Barna skal:

- oppleve at dei er med og påvirker det som skjer i barnehagen
 - erfare at dei blir lyttete til og at det nyttar å komme med innspel
- oppleve mestring og at dei betyr noko for fellesskapet.


Tiltak:

Dei vaksne skal:

- følge opp barna sine initiativ
- være åpne for, og lyttende til barna sine innspel
- støtte barna sin leikenhet
- kunne endre perspektiv og sjå ting fra barna sin synsvinkel
- møte barna med følelsmessig nærvær og uttrykksfullhet

Circle of Security (COS)

Storparten av dei tilsette i barnehagen har fått opplæring i foreldreprogrammet Circle of Security. Bilete under viser tryggleikssirkelen i dette programmet. Det er fokus på barnet sitt behov. Dersom den vaksne er ein trygg base, som barnet veit det kan komme tilbake til, gjev det tryggleik for barnet. Barnet går på utforsking etter alder og modnad.



De Utrolige Årene (DUÅ)

Dei tilsette har gått på kurs om "De utrolige årene". Dette er eit skule og barnehage program som er utarbeida av Caroline Webster Stratton. Meininga med programmet er å styrke dei tilsette sin kompetanse om sosialt samspel og kompetansen barn. Det handlar kortfatta om følgjande:

- Relasjonsbygging mellom vaksne og barn
- Førebyggjande strategiar på korleis få barns merksemd, halde på denne og bruke den til å regulere åtferd
- Korleis nytte ros og påskjønning i læringssituasjonar
- Korleis utvikle strategiplanar
- Korleis handtere og utvikle grensesettingsstrategiar

Gjennom systematisk arbeid med desse strategiane, meiner vi at barn vil utvikle sin kompetanse på følgjande område:

- Sosialt, emosjonelt og når det gjeld læring
- Evna til å løysa problem
- Utvikle interaksjon og vennskap mellom barn og vaksne
- Styrke og utvikle empatiske evner
- Redusere negativ åtferd



Skjematisk oversikt over DUÅ arbeidet i vår barnehage

| Månad | Fokusområde | Korleis jobbar vi |
|---------------|----------------------|---|
| August | Tilvenning | <ul style="list-style-type: none"> • Velkommen plakat • Startsamtale for å avklare forventningar mellom heim og barnehage • Være nær barnet, fokus på barnets behov og å skape tryggleik • Vera ein til ein og i mindre grupper i starten • Gradvis gjere barna mer trygg i seg sjølv og støtte dei i deres utforsking av barnehagen |
| | Regler | <ul style="list-style-type: none"> • Reglar som er synlege for barn og vaksne • Foreldresamarbeid; info heim om reglane |
| | Reaksjonsmønster | <ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide felles reaksjonsmønster på uønska åtferd • Fokus på barna sitt beste |
| | Gjere sitt beste | <ul style="list-style-type: none"> • Snakke om å gjere sitt beste • Oppmuntre og bruk av beskrivande kommentarar • Øve på å følgje beskjeder, og å vente på tur • Snakke om det å være ein god venn |
| November | Oppmuntring, ros | <ul style="list-style-type: none"> • Vera medveten om det å holde rosen rein • Bruk av beskrivande kommentarar • Naboros |
| | Positiv merksemd | <ul style="list-style-type: none"> • Komplimentsirkel med barn og vaksne • Framheve enkeltbarn sine gode handlingar overfor kvarandre |
| | Kjensler | <ul style="list-style-type: none"> • Bruk av bilete/ bøker om kjensler • Lage ansikt med ulike kjensler • Rollespel, der barna får kjenne og øve på å vise dei ulike kjenslene • Hjelp barna å sette ord på kjenslene |
| Januar | Ignorering | <ul style="list-style-type: none"> • Dei tilsette drøfter kva for åtferd som kan ignorerast, avgrensa tal • Umiddelbar merksemd til positiv åtferd • Korrigere upassande åtferd, med non verbale tegn, påminningar og bilete • Forsterke forventa åtferd |
| Februar/ mars | Roe ned – strategiar | <ul style="list-style-type: none"> • Snakke om kjensler, skildre og anerkjenne dei • Øve på «roe ned» strategiar • Bruke omdirigering • Lære barna å seie stopp til andre, og respektere dette • Bruk av følelsestermometer |
| April/mai | Problemløysing | <ul style="list-style-type: none"> • Barna øver på å finne løysningar sjølv, og å tenke konsekvensar • Bruk av rollespill • Rose barna når dei finn løysingar sjølve |
| Juni | Relasjonsbygging | <ul style="list-style-type: none"> • Gje ut velkomstbrev til nye barn • Ha ein eller fleire besøksdagar på avdelinga • Utlevering av viktige dokumenter |

DINO-skulen

Dinosaur-skulen er eit program for sosiale ferdigheter og problemløysing i barnehage, klasserom og SFO. Programmet har vært grundig evaluert i fleire land og har vist svært positive resultat i forhold til samspel mellom barn, det å utvikle eit positivt samspel mellom barn og vaksne. Det er og ment for å redusere verbal og fysisk aggresjon i barnehage, skule og SFO.



Dinoskulen har som mål å styrke barn si emosjonelle og sosiale kompetanse, samt å styrke barn sitt sjølvbilde og oppleving av meistring. Tema er retta mot å kjenne att og forstå kjensler hos seg sjølv og andre, ta andre sitt perspektiv, utvikle ferdigheiter i forhold til problemløysing og konflikthandtering, sinnemestring, empati og sjølvkontroll. Barna øver også på sosiale ferdigheiter som det å lytte og vente på tur - bli einige - stille spørsmål - dele - hjelpe - samarbeide og gje kvarandre komplimenter. Ein øver på tema gjennom praktiske orienterte metodar som bruk av store hand-dukkar, samtale omkring filmvignetter, rollespel og leik, samt andre ulike aktiviteter knytt opp mot tema.



Trygg i fellesskap

«Trygg i fellesskap» er Øygarden kommune sitt anti – mobbeprosjekt. Med dette arbeidet ynskjer vi å kartleggje og førebyggje mobbing i barnehagen. Barnehagen er ein viktig arena for sosial utvikling, læring og vennskap. Sosial kompetanse er viktig for å motverke problemåtferd som diskriminering og mobbing.

Mobbing og utestenging førekjem og mellom barn i barnehagen. Dette kan foregå skjult som utestenging frå leik, blikk, å ikkje inkludere andre i leiken, snu ryggen til andre, eller som verbale ytringar. Det har vore fleire kurs for dei tilsette i barnehagane. Både dei tilsette og foreldra skal ha eit auka fokus på temaet og arbeide førebyggjande for eit inkluderande fellesskap. Vi må og jobbe for at barna skal ta ansvar for kvarandre og ikkje akseptere at nokon vert behandla dårleg.

Tiltak:

- Å nytte DUÅ og DINO aktivt i kvardagen
- Ulike temaarbeid som «meg sjølv og familien min» og «vennskap»
- Barnesamtalar med dei eldste barna
- Tett foreldresamarbeid
- Observasjoner

Det er etablert eigen [Facebookside «Trygg i fellesskap»](#).



Vaksenrolla

Mål for personalet i det daglige arbeidet i barnehagen:

- Være romslege og anerkjennande i møtet med barnet
- Være merksam mot barna sin sinnstilstand, for på det viset å styrke barna si evne til sjølv å vise empati
- Hjelp til å sette ord på kjensler, og nyansere desse
- Legge til rette for eit stimulerande læringsmiljø
- Aktivt jobbe for å forhindre mobbing
- Hjelp barnet til å gje klar melding til andre, når det er naudsynt
- La barnet oppleve meistring, og føle at det er lov å være glad for noko ein har fått ti
- Ta vare på gleda og humoren i kvardagen
- Grunnge verdimesige standpunkt knytt til oppseding

Rammeplanen seier at dei vaksne skal møte barna på ein måte som formidlar respekt, aksept, tillit og tiltru. Barnehagen skal ha ei pedagogisk leiing. Styrer og pedagogisk leiar har et særlig ansvar for planlegging, gjennomføring, vurdering og utvikling av barnehagen sine oppgåver og innhald. Vi vil ha trygge, engasjerte vaksne som er gode rollemodellar for barna, og som har planer tilpassa barna sitt nivå.

Det er viktig at det pedagogiske arbeidet blir gjort på ein grundig og god måte, slik at det er enkelt for heile personalet å følge planane. Vi fokuserer på at dei vaksne heile tida er tilstade for heile barnegruppa, men samtidig klarer å sjå kvart einskild barn og kva det treng. Vi følgjer opp barna i kvardags- og leikesituasjonar for at dei skal lære seg leikekodar og få sosial kompetanse, som er viktig for dei seinare i livet. Dei vaksne skal være engasjerte i arbeidet med barna, undre seg med dei, være gode samtalepartnar og ei god støtte.



Dei syv fagområda

Barnehagen som pedagogisk verksemd er lovpålagt å drive etter bestemte fagområder.

Desse områda fylgjer barnet vidare i utdanningsløpet. I barnehage-arbeidet er det naturleg at ein held på med fleire områder samstundes, og at dei gjerne går over i kvarandre.

Arbeidet med fagområda vil koma til uttrykk gjennom leik, temaarbeid/prosjektarbeid, turar og kvardagsaktivitetar. For kvart fagområde er det sett opp mål for å fremja barnas utvikling. Arbeidet må til ein kvar tid tilpassast barna sin alder og føresetnader.

| Fagområder | 1-3 års alder | 3-5 års alder | 5-6 års alder |
|-------------------------------|---|--|--|
| Kunst, kultur og kreativitet | Erfare og få kjennskap gjennom sansar, i møte med musikk, forming, dans og drama. Introdusere barna for ulike material | Bruke fantasien til skaparglede i bilde og form, og bearbeida inntrykk. Få erfaring gjennom ulike formings-materiell og fortsatt bruke sansane. | Oppmuntre til vidare eksperimentering med formingsmateriale og dramatisering. |
| Kropp, rørsle, mat og helse | Gje positiv merksemd til barnets meistring av eigen kropp. Tumleleik, hinderløype, fysisk aktivitet både inne og ute. Oppmuntre til å kle av og på seg sjølv. Barna skal få erfare nye sanser og smaker | Faste tur dagar. Uteleik kvar dag. Minirøris. Bevegelsesleikar ute og inne, hinderløype o.l. Lære god hygiene. Gode matopplevelser/ delta i matlagingsprosesser. | Faste tur dagar. Uteleik kvar dag. Sunn helse, både kostholdsrelatert og positive turopplevelser |
| Kommunikasjon, språk og tekst | Legge til rette for eit rikt språkmiljø. Støtte begrepsutviklinga ved å sette ord på ting. Song og musikk, rim, regler, eventyr og samtaler. | Rikt språkmiljø, sette ord på ting og følelsar. Rim og regler, song og musikk, lese bøker. Bruke språket for å få gode relasjonar og redusere konflikhtar. Tall og bokstaver tilgjengeleg for å vekke nysgjerrigheit. | DINO skule Legge til rette for leikeskriving av tal og bokstavar og oppmuntre til at barnet kan skrive namnet sitt. Høgtlesing, rim og regler, song og musikk. |
| Antal, rom og form. | Oppmuntre til utforsking og støtte barnas matematiske utvikling. Sette ord på mengde, tal, sortere, måle og kategorisere. | Kunne telje til ti. Telle barna i samling o.l. Bli kjent med ulike omgrep som stor – liten, kort - lang, Bli kjent med ulike former. Få erfaring med mønster Butikkleik | Få erfaring med tall og teljing, også over ti. Spele spel med terning Få erfaring med å leikeskrive Få erfaring med at mengda er lik, og i ulike former. |
| Nærmiljø og samfunn | Bli kjent med nærmiljøet gjennom korte turar i området. | Bli kjent med nærmiljøet med lengre turar rundt i området. Besøke kyrkje, bibliotek, butikk, andre barnehagar, sjukeheim o.l. Ta buss | Turar i nærområdet Få kjennskap til ulike yrke og ulike kulturar i vårt samfunn |
| Etikk, religion og filosofi | Tid og rom for undring Markering av høgtider Kyrkjebesøk for dei eldste | Markering av høgtider Kyrkjebesøk til jul Undring og filosofering Møte vaksne som kan undre seg saman med barn | Kyrkjebesøk til jul og påskevandring Undring og filosofering |
| Natur, miljø og teknologi | Opplive naturen med alle sansar Små turar i allslags vær Opplive naturens endringar med årstidene | Faste turar kvar veke i naturen Få kjennskap og erfaring med årstider og vær Få kjennskap til insekt og plantar i naturen Opplive teknikk i kvardagen og i leiken | Eksperimentere med teknikk Ferdes i naturen og få opplevingar og kjennskap til naturens ulike element Miljøvern og kjeldesortering |

Digital praksis

Barnehagens digitale praksis skal bidra til barnas lek, kreativitet og læring. Ved bruk av digitale verktøy skal personalet være aktive saman med barna. Samtidig skal digitale verktøy nyttast med varsamheit, og ikkje dominere som arbeidsmåte.

Rammeplanen seier at personalet skal:

- utøve digital dømmekraft når det gjeld informasjonssøk, ha eit bevisst forhold til opphavsrett og kildekritikk, og ivareta barna sitt personvern
- leggje til rette for at barn utforskar, leiker, lærer og sjølv skaper noko gjennom digitale uttrykksformer
- vurdere relevans og egnethet, og delta i barna sin mediebruk
- utforske kreativ og skapande bruk av digitale verktøy saman med barna.

Overganger

Overgang heim – barnehage

Å starte opp i barnehagen er ein overgang i livet kor barnet må orientere seg på nytt. I løpet av barnehagetida vil barnet oppleve fleire overganger blant anna når dei skifter avdeling. Å starte i barnehage er likevel ofte barnet sitt første møte med ein overgang som vil ha stor innverknad på livet deira. Hele livet vil vi ha behov for å lage oss gode strategiar for å takle overgangar i livet.

For å få en trygg start i barnehagen har vi på småbarnsavdelingane ein voksen som har særleg ansvar for å følgje med på barnets behov og utvikling.

Som foreldre vil de ha ein fast person de kan henvende dere til. Pedagogisk leiar har likevel alltid hovedansvar for barnet sitt pedagogiske tilbod på avdelinga.

For å få til ein god start i barnehagen har vi følgjande tiltak:

- Tilbod om å besøke barnehagen i forkant
- God informasjon til nye foreldre
- Startsamtale og foreldremøte

Overgang internt i barnehagen (bytte av avdeling)

Barna skifter avdeling etter kvart som dei blir eldre. Dette gjør vi blant anna for å gje barna aukande grad av utfordringar og læring etter kvart som dei blir eldre.

I forkant av avdelingsskifte overfører ein opplysningar om barnet til den nye avdelinga og barnet er i perioder på besøk på si nye avdeling i forkant av overflyttinga.

Overgang barnehage – skule

Tussetjødna barnehage ynskjer å sikre god overgang og samanheng mellom barnehage og skule.

Dette gjer vi mellom anna ved å:

- Ha møte med dei aktuelle skulane. På møta informerer vi om kva vi har jobba med på DINO skulen og elles i gruppa, og med løyve frå foreldre, tek vi og opp ting som gjeld einskildbarn.
- Aktuelle skjema som ligg i den sentralt vedtekne planen vert fylt ut.
- Vi går på besøk på Foldnes skule og SFO.
- Nærskolen er inni mellom på besøk i barnehagen. Dei er då gjerne med på ein DINO samling.

Fleirkulturelt arbeid

Noreg kan i dag seiast å være et flerkulturelt samfunn, som fører til at vi møter barn med ulike forutsetning og erfaring med barnehagen. Det at befolkning og samfunn er mangfaldig, inneber at personalet i barnehagen må sjå på mangfald som ein del av barnehagen sin kvardag. Barnehagen skal støtte barn ut frå barna sine kulturelle og individuelle føresetnader. Vi ynskjer å synleggjere mangfaldet i barnegruppa med omsyn til ulike nasjonalitetar mellom anna ved å:

- Markere den samiske nasjonaldagen 6. februar. Vi har fokus på at barna skal få kjennskap til norsk urbefolkning gjennom musikk, kunst og kultur.
- Markere dei ulike kulturene som er representert i barnehagen.
- Synge songar på dei ulike språka vi har i barnehagen. Nyttå musikk frå dei same landa.
- Oppslag med enkle ord og uttrykk på dei ulike språka.



I barnehagen har vi fokus på eit sunt og variert kosthald. Det blir dagleg servert frukost, lunsj og frukt/grønsakmåltid. Det er ei medveten haldning frå barnehagen si side at måltida skal vera sunne og næringsrike. Fødselsdagar vert feira med frukt i ulike variantar eller som fruktsmoothies (fruktdrikk).

Måltidene blir et naturlig samlingspunkt med fokus på fellesskap og gode holdninger rundt bordsituasjoner. Vi syng bordvers som ein fellesstart på måltidene. Barna får være med å velje pålegg og dei eldste er også med i tilberedelsen av måltidene, og får også sjølv smøre maten sin.

Når barna har vært ute og før hvert måltid, vasker alle barna hender.

Samarbeid med heimen

Eit godt samarbeid og kontinuitet i kontakten mellom heim og barnehage, er viktig for å skape tryggleik og optimale høve til utvikling for barnet. Både personalet og foreldra har eit felles ansvar for at samarbeidet utviklar seg i ønska retning. Det er viktig at vi heile tida har barnet sitt beste i fokus, og at vi samarbeider for at barnet skal ha det best mogeleg. Kvar haust har vi foreldremøte, der vi legg fram planar for arbeidet med barna på avdelingane.

Den daglige kontakten viktig for oss. Vi ønskjer i størst mogeleg grad å kunne ta imot barnet i garderoben om morgonen, og vera der når barnet går om ettermiddagen. Vi ønskjer at samarbeidet er basert på gjensidig respekt.

Foreldra vert invitert til foreldresamtale ein til to gongar per år, og fleire ved behov. Her vert dei informert om barnet sin trivsel og utvikling, og foreldra kan fortelje om barnet sitt, slik dei ser det. Annakvart år vert foreldra og invitert til å delta på brukarundersøking. Her kan dei sei meininga si om ulike delar av barnehagen si verksemd. Saman med foreldra brukar vi å velja ut eit til to område der vi har eit forbettringspotensiale. Desse områda har vi då særleg fokus på i året som ligg framfør oss. Vi har og ein postkasse på kvart hus, der foreldra kan leggje lappar med ris og ros. Det er SU representantane som har nøkkel til postkassane. Det er og ein e-post adresse foreldra kan nytte, dersom dei meiner det er betre:

Ann-Kristin.Bogstad@oygarden.kommune.no

Alle foreldre er medlem i foreldrerådet for barnehagen. Foreldrerådet vel representantar, som utgjer foreldrerådet sitt arbeidsutval. Dei kan arrangere foreldremøter, kurs, festar mm. Dei vert valde på foreldremøtet om hausten. To av dei valde representantane sit i barnehagen sitt samarbeidsutval, dei to andre er vararepresentantar.

Personalsamarbeid: Vi har regelmessige møter i personalgruppa som avdelingsmøter, personalmøter og planleggingsdagar.

Samarbeidsutvalet for barnehagen

- | | |
|------------------------------------|---------------------------------------|
| • Representant for eigar: | Ann-Kristin Einarsen Bogstad (styrar) |
| • Foreldrerepresentantar: | Kathrine Eide |
| • Vararepresentant: | Linn Eide og Silje Hitland Klubben |
| • Representantar for dei tilsette: | Mona Lie og Miriam Holen |
| • Vararepresentantar: | Mona B. Spjeld og Karin B. Gjøvåg |

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Personalet i barnehagen har vald verneombod for to år (det er høve til attval).

Verneombodet og styrar har gått på verneombodskurs og går faste vernerundar for å sikre eit godt og trygt arbeidsmiljø både for barn og dei tilsette. Barnehagen har også oppretta eit samarbeidsteam, 3partsgruppe, som består av styrar, tillitsvalde og verneombod. Dette teamet har jamlege møter som tek opp ulike utfordringar og problemstillingar som oppstår i personalgruppa.

Helsevernetaten godkjenner barnehagen, og kvart tredje år skal det vera tilsyn av eksterne tilsynsførarar som går igjennom det pedagogiske innhaldet og HMT-arbeidet.

Alle dei tilsette skal ha jamlege førstehjelpskurs og oppdatering av brannvern.

Personalet i barnehagen skal levere gyldig politiattest.

Teieplikta gjeld for alle som arbeider i barnehagen.